

Ulstein Historielag

Årsmøtet Ulstein Historielag

Årsmøtet vert halde i Bjørndals Minne 26.2.2026 kl 19

Plan for møtet:

A. Årsmelding – Vedlegg 1

B. Revidert rekneskap – Vedlegg 2

C. Val der vedtektene seier at::

a. Eit styre på 5 medlemer; leiar for eitt år og 2 styremedlemer for 2 år. Dei 2 andre styremedlemene er ikkje på val. Styret konstituerer seg sjølv.

b. 3 varamedlemer for eitt år

c. Revisor for 1 år

d. Redaksjonsnemnd for Levd Liv; leiar og 2 medlemer

e. Valnemnd på 3 medlemer for eitt år

D. Fastsetje kontingenten.

E. Handsame innkomne saker. Sakene må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmelding for Ulstein Historielag for driftsåret 2025

Medlemsskapen blir forvalta gjennom Heimesidene til laget der ein kan betale via Vipps som ein del av løysinga. Dette fungerer greitt for dei fleste, men ved betaling via bank og direkte Vipps, har medlemskapen blitt oppdatert manuelt. Nytt av året var at medlemsavgifta blei betalt automatisk inntil det blir sagt opp og svært mange har gledeleg nytta seg av dette. Når fristen for ny kontingent i år nærmar seg vil vi sende ut varsel både til dei som må fornye medlemskapen sin via betaling og dei som vil bli trekt automatisk.

Årsmøtet for 2024 vart avhalde 20.2.2025 og der vart fylgjande valt til verv i 2025: Anders Ulstein (yngste son til Ragnar Ulstein) heldt foredrag over temaet «Eit samfunn utan historie». Ting gjentek seg og vi har mykje å lære av historia og mange løysingar kan finnast der.



Dei viktigaste saken som har vore drøfta på styremøte er:
Økonomi – presentert på kvart styremøte

Ulstein Historielag

Plan for vandringar og medlemsmøte

20 års jubileum for Levd Liv

Opning av Heimesida for alle slik at heile bygda og ikkje minst skulane kan ta del i artiklane som ligg der

Plan for 2025 der vi mellom anna fokuserte på krigsminne og 80 års jubileet for freden 1945

Gjennomførde aktivitetar



Dragsundet 6. april

Vandringsaktiviteten starta i samarbeid med Herøy Sogelag 6. april med frammøte ved Dragsund. Utan finteljing så var det vel ei hundretal som møtte i fint ver. Eileen Gjerde fortalde om historia her i den strategisk viktige ferdselsåra. Hor fortalte om oldtidsfunn, dei eldste gardane, smia og bilverkstaden som hadde verksemda si her, elferga som kom før brua vart bygt tidleg på 50-talet. Bruvaktarhuset var bemanna før brua kom. Under andre verdskrig var det trefningar her med styrkar frå MTB'ar frå

England.

Radiostasjonen Frey i Oksavika 4. mai

4.mai samla vi og vel 50 interesserte i bakkane over Oksavika i Sande kommune. Her under ein bergnabb 1,2 km opp ein kjerreveg og vidare 200 m opp den bratte lia og til slutt ur opp mot den godt



skjulte hytta. Her heldt brørne Snøfellå, her til venstre på bilete under ei heidring av brørne.

Her heldt brørne til frå påska 1944 og ut året. Dei rapporterte om skipstrafikken på fjorden. Transportar gjekk gjerne på nattestid medan skipa løynde seg i fjordane på dagtid.

Ulstein Historielag

Folka i Oksavika var fengsla av tyskerane, sende til Falstad og vart torturert. Guttorm Oksavik, son til ein av dei som vart tekne, orienterte om det som gjekk føre seg.



Ulstein Historielag

Oshaugen 29. mai



Det var også godt frammøte på Oshaugen som er ein av dei største gravhaugane på Vestlandet.

Johan Ottesen og John Osnes stod for orienteringane. Det gamle klyngetunet på Osnes låg søraust for Oshaugen. Herifrå gjekk også den gamle kyrkjevegen frå Ottavika til Ulstein gamle kyrkjestad.

Nordvest for Oshaugen Notavollen der nøter vart trekt opp, Sjøaura (såg etter båtar frå havet?) og den gamle naustplassen. Alle desse

hadde viktig funksjon for den gamle Osnesgarden. Osnes gravplass fylte 100 år i 2024 og er i dag under diskusjon for utviding.

Ottesenløda med reiskapssamling 15. august



Johan Ottesen har samla reiskap og hjelpemiddel frå gamal tid i løda. Vel systematisert og samlaren sjølv gjekk igjennom samlinga med stor kunnskap for ei interessert forsamling. Spørsmåla var mange og dokumenterte at denne samlinga har eit stort potensiale, spesielt for nye generasjonar som knapt veit noko om sjølvberging. Det vil også syne den klokskapen og smartnessen våre forfedre hadde.

Her eit bilete frå samlinga

der ymse fiskereiskap heng på veggen og plassert i båten.

Ulstein Historielag

Borgarøya 15. juni

Under Smak av Ulstein organiserte Ulstein Kommune og Historielaget båttur med gamle Hindholmen til Borgarøya. Vel 100 personar vart frakta ut i to vender og karane Leiv Ringstad, John Osnes og Johan Ottesen fortalde om historia. Der var ei flot reportasje om turen i Vikebladet.



Hovudhuset på Borgarøya vart i hovudsak brukt til overnatting og gjestegjeveri, og har 32 rom i tillegg til store stover og salar.

FOTO: ANE ØVRELID SOLÅS

Tuå på Dimna 7. september




Et femtitals interesserte møtte på Tuå på Tueneset som ligg forbi Kleven og sørvendt der vegen kryssar vika som stikk inn her, Vikeskaret.

Lars Breivik vil fortelje om verksemda som har vore her, sjøbudene og folka som har budd her.

Det vart servert kaffi og vafler i det fine veret.

Spioner og angivere ved Knut J Støve på biblioteket 14. oktober



Tidlegare militær og forfattar Knut J Støve heldt foredrag basert på boka si om spionar og angivere frå andre verdskrig. Her fortalde han om folk som blei opplært i kommunikasjon og etterretning og med fare for sitt liv rapporterte frå det okkuperte Noreg.

Frey II og brødrene Snøfjellå var ein av desse stasjonane. Etter foredraget reiste 96 år gamle Knut Oksavik seg og fortalde krystallklart om hendingane den gongen. Om tyskerar som leita og passert berre meter frå stasjonen.

Ulstein Historielag

Hødd historia ved Arne Flatin på klubbhuset 18. oktober



Hødd er ein viktig institusjon i Ulsteinvik og har tydd enormt mykje for det å gjere Ulstein kjend rundt om i landet. Har dei ikkje høyrte om Ulstein eller Gullsteinvik så har dei gjerne høyrte om Hødd.

Det var ein sensasjon når Hødd vann opprykket til landets øvste divisjon i fotball i 1965. Etter det hadde Hødd fleire opphald i den øvste divisjonen, sist på starten av 90-talet.

Arne Flatin sit på det meste av Hødd si historie og han tok oss gjennom denne på eit møte på Høddvoll der mange av dei gamle heltane frå den gongen.

På biletet over ser vi Martin Roald, Jon Gjerde, Jon Osnes, Kjell Garnes og Reidar Vikebakk. På det andre biletet ser vi Arne Flatin og Kjell Garnes. Legendariske Kjetil Hasund var og til stades på møtet.

Ulstein Historielag

Lansering av årets Levd Liv 8. november



Levd Liv er på mange måtar bærebjelken i Ulstein Historielag og har kome ut kvart år sidan 2005. Den gong med redaktør Einar Grimstad og formannen i Ulstein Historielag Aksel Hauge.

Kvart år skriv ymse historieinteresserte artiklar om personar, hendingar og miljø i vårt distrikt.

Tradisjonen tru har boka vorte lagt ut til sal og delt ut til medlemmer i historielaget på sjølve farsdagen. Ei fin gåve til far!

I år tillyste historielaget eit møte på biblioteket med presentasjon av nokre av artiklane i årets utgåve. På biletet ser vi Trudi Henrydotter Eikrem som har skrive om sanitetskvinnene.

Halgerd Conradi presenterte sin artikkel om Robert Skeide som har vore dirigent for Ulstein Mannskor heilt sidan 1975 – heile 50 år - imponerende.

Otto Botnen presenterte sin artikkel om dei fem døtrene til si tippoldemor

Serine Ulstein som kom frå Skare i Austefjorden som 9-åring saman med systera som gifte seg i Kobeingarden i 1828. Serine miste etter kvart to ektemenn og einaste son på havet.

Medlemsstatus

Historielaget har pr dags dato 215 medlemmer, 180 plussmedlemmer og 35 støttemedlemmer.

Dette er ein auke frå 2024 med 10 plussmedlemer og 10 støttemedlemmer. Mange av dei nye medlemmane kom til ved lanseringa av årets Levd Liv der vi hadde presentasjon på Biblioteket av noko av innhaldet og ved utlevering av boka på Blåhuset på dagen før dagen (farsdagen).

Pluss medlemmene skal ha Levd Liv som del av kontingenten på kr 450

I år sende vi ut boka til utanbys mot porto på kr 73,-

Betalinga av medlemskapet gjekk for ein stor del automatisk via Vipps (165) medan andre betalte manuelt via Vipps. Nokre få via bank. Dei som betalar manuelt utanfor medlemssystemet må oppdaterast som medlem i medlemskartoteket, noko som gjev risiko for glipp frå kasserer ved sporing av umerka betalingar.

Styret vedtok fram mot jul at artiklane på nettsida skulle gjerast opne for alle. På den måten vonar vi at fleire vil bidra i arbeidet i historielaget og ikkje minst at skulane for tilgang til lokalhistoria.

Styret har ingen planar om endring av medlemskategoriane med og utan Levd Liv, men vi vonar at vi framleis vil trykke boka slik at folk får noko å halde i og legge under juletreet til slekt og vener.

Årets Levd Liv vil ikkje gjort open for andre enn pluss medlemmer før neste års bok blir lansert. Vil andre enn Pluss medlemmer lese årets bok, må dei kjøpe boka eller teikne fullt medlemskap.

Ulstein Historielag

Rekneskap

Ulstein Historielag 2025		Utgift	Inntekt	Resultat	Kommentar
Konto	Driftsresultat	215 894,63	246 642,04	30 747,41	
1	Medlemskontingent	13 050,00	94 158,34	81 108,34	Inkl Levd Liv
2	Sponsorstøtte Levd Liv	20 150,00	58 000,00	37 850,00	Levd Liv
3	Medlemsmøter	9 936,20	1 825,50	-8 110,70	
4	Humorkveld	-	-	0,00	
5	Vandringar	7 271,82	1 572,00	-5 699,82	
6	Julemøte Ulstein Mannskor	30 934,80	32 520,32	1 585,52	
7		-	-	0,00	
8	Utstyr	5 304,87	-	-5 304,87	Lydutstyr
9		-	-	0,00	
10	Bank/Vippsgebyr/Renter	2 731,94	5 462,00	2 730,06	Gebyr/renteinn
11		-	-	0,00	
12	Heimeside Osberget	12 310,00	-	-12 310,00	Drift nettside
13		-	-	0,00	
14		-	-	0,00	
15		-	-	0,00	
16	Levd Liv - prod/sal	114 205,00	52 160,01	-62 044,99	Kost/Sal
17	Kulturminne i Ulstein	-	600,00	600,00	
18	Andre bøker	-	343,87	343,87	
19	Bankkonti	Inn	Ut	Endring	Saldo
20	Lagskonto 4137.30.40744	243 466,19	214 270,78	29 195,41	165 697,62
21	Plassering 3910 .33.66309	5 462,00	-	5 462,00	204 991,00
22	Fakturert	-	-	0,00	-
23	Korrigeringar	931,59	931,59	0,00	-
24	Kasse	-	3 910,00	-3 910,00	170,00
	Totalt Bank/Kasse	249 859,78	219 112,37	30 747,41	370 858,62

Notar til rekneskapen:

Årets overskot utgjer kr 30 747,41 når uteståande hos ein bokhandlar for Levd Liv er teke med.

- Medlemskontingent er innbetalt frå medlemmer som kontingent i 2025. Utgifte er kr 50 pr medlem for arbeid med nettsida samt refusjonar for dobbelbetalt kontingent.
- Sponsorstøtte til Levd liv kjem frå 40 bedrifter i vårt område som støttar arbeidet med boka. Kr 20150 gjekk til Fantastiske Osberget for arbeidet med 20-års jubileet og promoteringsmateriell.
- Medlemsmøte kostar å arrangere via annonsering og honorar til bidragsytarar. Inntektene er stort sett loddsal.
- Humorkveld vart ikkje noko av i 2025, vi kjemt sterkt attende
- Vandringane fyl same mønster som medlemsmøta. Her er inntekter basert på frivilligheit.
- Julemøtet på Hodr i Hjørungavåg saman med mannskoret gjekk akkurat i pluss. Her betalte mannskoret med følgje for mat, men slapp inngangspengar til stiftinga (kr 200 pr pers). Overskotet blir i Historielaget.
- Ikkje i bruk
- Det vart kjøpt inn lydutstyr for utandørs bruk der fleire mikrofonar kan nyttast samstundes.
- Ikkje i bruk
- Gebyr til bank og Vipps der Vipps gebyra utgjer 93%. 1,75% for direkte betaling og 3,5% via netthandel som er det vi nyttar til medlemskontingenten. Renteinntekter for plasseringskontoen utgjer kr 5 462.
- Ikkje i bruk
- Drift av Heimesida er serviceavgift for å halde nettsida i drift 24/7

Ulstein Historielag

Levd Liv

Andel pluss medlemskont 180*250	45 000
Sponsorstøtte	37 850
Sal bokhandel	33 897
Sal medlemmer og andre	18 263
Totalt	135 010
Kostnader	114 205
Resultat	20 805
Antall trykt	500
Restopplag	-132
Selt	368
Inntekt pr bok eks sponsor	194
Kost	228
Inntekt pr bok inkl sponsor	367

16. Levd Liv er administrert, sett og trykt i 500 eksemplar etter tilbod frå Fantastiske Osberget AS. Utgifta her er i høve tilbod samt korrekturlesing til kr 5000,-.

Vi ser at sponsorinntektene er viktige for å gå i balanse med boka og sjølv om inntektene ikkje dekte utgiftene så er dette ei viktig oppgåve for Historielaget.

Når vi no sit att med 132 eksemplar av boka så er ikkje dette død kapital, men ein resurs for framtida.

Vi veit at ikkje alle medlemmene har henta eller fått tilsendt boka, så dei som oppdagar hol i samlinga så har vi lager i Ulstein arena for dei fleste årgangar.

Vi vil også kunne køyre kampanjar for å selje flest mulig.

Av konto 17 og 18 ser vi at der dryp inn inntekter på andre bøker vi har i arkiveog som vi etter kvart vil avertere til

sals.

20. Er driftskontoen med ein saldo på 165 697,62 inklusive uteståande frå ein bokhandlar for årets sal. Total behaldning i bank for historielaget vil då vere kr 370 858,62.

I rekneskapen er det teke med inntekter og kostnader fram til 1,2.2026 som skriv seg til aktivitetane i 2025. Til dømes betaling av årets Levd Liv.

Ulstein 19.2.2026

Otto Botnen

Åsbjerg Garshol

Perly Lise Pedersen

Terje Haddal

Ulstein Historielag

Val

Valnemnda Britt Opsahl, Inge Håkonsholm og Elin-Grethe Haddal har vore i arbeid og har med eitt unntak overtalt alle til å ta attval. Perly Pedersen har nok med Saniteten så ho går ut medan Odd Arne Vikebakk kjem inn.

2020

Val 2025 -	Val 2026 - Forslag frå valnemnd
Leiar for 1 år: Otto Botnen	Leiar for 1 år: Otto Botnen
Styremedlem 1 år igjen: Trudi Henrydotter Eikrem	Styremedlem for 2 år: Trudi Henrydotter Eikrem
Styremedlem 1 år igjen: Perly Pedersen	Styremedlem for 2 år: Odd Arne Vikebakk
Styremedlem for 2 år: Asbjørg Garshol	Styremedlem 1 år igjen: Asbjørg Garshol
Styremedlem for 2 år: Terje Haddal	Styremedlem 1 år igjen: Terje Haddal
Vara til styre	Vara til styre
1. Varamedlem 1 år : Eldar Stein Flø	1. Varamedlem 1 år : Eldar Stein Flø
2. Varamedlem 1 år : Ingrid Pedersen	2. Varamedlem 1 år : Ingrid Pedersen
3. Varamedlem 1 år : Unni Grønmyr Stålesen	3. Varamedlem 1 år : Unni Grønmyr Stålesen
Revisor Atle Birger Flø	Revisor Atle Birger Flø
Redaktør og leiar 1 år Magne Grimstad	Redaktør og leiar 1 år Magne Grimstad
Redaksjonsnemnd 1 år Solveig Kristensen	Redaksjonsnemnd 1 år Solveig Kristensen
Redaksjonsnemnd 1 år Louis Hodr Røren	Redaksjonsnemnd 1 år Louis Hodr Røren
Redaksjonsnemnd 1 år Hallgerd Conradi	Redaksjonsnemnd 1 år Hallgerd Conradi
Valnemnd: Britt Opsahl Myrene Inge Håkonsholm Elin-Grethe Haddal	Valnemnd: Britt Opsahl Myrene Inge Håkonsholm Elin-Grethe Haddal

Side 1

Saker til avgjer:

Medlemskategoriar

Styret foreslår at vi beheld dei to medlemskategoriane, Pluss medlem med eit eksemplar av Levd Liv inkludert og ordinær medlem blir omdøypd til støtte-medlemskap.

Kontingent

Styret legg fram forslag at kontingenten for 2026 blir auka til kr 500, då med Levd Liv inkludert. Kontingent for støtte-medlemskapet blir auka tilsvarende til kr 250.

Det nye er at nettsida til Historielaget blir open for alle slik at alle kan lese alle artiklar som ligg inne under heimesida. Det blir og jobba med Podkastar som vil bli tilgjengeleg via link frå heimesida,

Kontingenten må også gjenspeile prisauken på alle tenester vi nyttar oss av.